

## Felles programstyre for lektorutdanninga

### Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

#### Møte 11. september 2024

Tidspunkt: 11. september 2024, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

#### Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Martin Sjøen (PF-5LU), Katharina Sass (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Kimberly Skjelde (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Johan Lie (MN), , Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

#### Meldt forfall:

Liv Eide (PF-PPU), Monica Håkonsli (VLFK), Katrine Aske, Thashany Pratheepan og Karine Holthe Børstad (studentrepresentantar frå FIL)

#### Forslag til dagsorden:

##### I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

##### II Godkjenning av protokoll frå møtet 06. september

Protokollen blei godkjend.

#### Ingen saker til eventuelt

#### Orienteringssaker

##### Sak 37/24 Studiestart i lektorutdanninga

Felles programstyre tek saka til orientering.

##### Sak 38/24 Opptakstal og rekruttering for 5LU og PPU

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### Drøftingssaker

##### Sak 39/24 Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga

Det kom generelle tilbakemeldingar om at notatet var grundig og nyansert.

Det vart etterlyst eitt alternativ til tiltaka som var nemnt, nemleg innføring av GOV utan restriksjonar på fagval. Resonnementet var at valfridom i fagval var viktig for rekruttering, trivsel og gjennomføring i lektorutdanninga, og at det var sannsynleg at ei fornuftig fordeling av studentar på fag var eit spørsmål som ville regulere seg sjølv. Motsett kom det synspunkt om at dette ikkje ville regulere seg sjølv på ein «fornuftig» måte.

Det vart uttrykt bekymring for om lektorstudentar med samfunnsfag og historie ville få relevant jobb etter enda utdanning. I den samanhengen var det programstyremedlemmer som synest det ville vere interessant å vite kva som skjer med studentane etter lektorstudiet.

Kanskje fekk fleire jobb utanfor skulen? Det var òg interesse for å vite kor mange av lektorstudentane som tek eit tredje fag.

Det var brei semje om at det var utfordrande for praksisgjennomføring når så mange lektorstudentar skulle ha praksis i samfunnsfag i ungdomsskulen. Dei som likevel støtta innføring av GOV og ønskte ingen restriksjonar på fagval, peikte på at UiB burde vurdere gruppepraksis. I denne samanhengen vart det også stilt spørsmål om det er mogleg å utvide det geografiske praksisområdet som UiB nyttar i dag. Dei som var skeptiske til innføring av GOV, og som ønskte å regulere fagvala, var imot å lempe på kvalitetskrava i praksis. Det vart vidare vist til at praksisområdet var eit spørsmål som ein hadde greidd ut grundig tidlegare, og at det finst retningslinjer. Dersom ein skulle endre dei retningslinjene, var det ei sak i seg sjølv.

Oppfølging:

- Lektorsenteret vil, på bakgrunn av innspela i diskusjonen, førebu ei vedtakssak knytt til spørsmålet om GOV som fag 2.
- Lektorsenteret vil greie ut spørsmålet om kapasitetstak for talet på studentar som kan velje GOV, sosiologi eller historie som fag 2.
- Lektorsenteret vil greie ut spørsmålet om restriksjonar på visse fagkombinasjonar.
- Lektorsenteret vil vidare greie ut om det er mogleg å utvide det geografiske området for praksis og om sjølve praksisgjennomføringa (dvs. innføring av meir gruppepraksis), og kva implikasjonar det vil ha.
- I siste instans blir det styringsgruppa som avgjer spørsmåla som er reiste.

#### **Sak 40/24 Høyring om nasjonale retningslinjer for 5LU og PPU**

Innspel som kom fram i møtet: Det bør ikkje lempast på krav om fysisk oppmøte i undervisninga. Dette kravet er viktig for både for studentane og utdanninga, særleg med tanke krav om skikkavurdering.

#### **Sak 41/24 Ekstern fagfellesamling 2024**

Framlegg til tema og innhald i fellesprogram:

- Status for ny studiemodell
- IKT i lektorutdanninga vs korleis det er i skulen
- Rekruttering og gjennomføring – korleis få fleire til å fullføre
- Ny opplæringslov og korleis dette blir presentert i utdanninga knytt til «fysisk handtering» og lærarane sine plikter for å sikre trivsel.

#### **Sak 42/24 Utvikling av kampuspraksisdager**

Innspel og kommentarar som kom fram i møtet:

- Ein må sikre at innhaldet i KP-dagane heng saman med mål, innhald og læringsutbytte som er vedteke i emneplanane, og at dagane skal gi eit utbytte ut over det studentane kan tileigne seg i ordinær praksis.
- KP-dagane må ha likt timetal.
- KP-dagane må ikkje ha krav om førebuing.
- Det er behov for eit skjema, eller mal, for KP-dagane med nokre kriterier for t.d. innhald, tal på timar, honorar og liknande.

Lektorsenteret vil ta innspela med i det vidare i arbeidet med KP-dagane via praksisutvalet og til det enkelte fagmiljø som utviklar KP-dagane.

### Orienteringssaker

#### **Sak 43/24 Semesterplan for lektorutdanninga vår 2025**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 44/24 Jubileumskonferanse 14. november**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 45/24 Endring i forskrift om rammeplan**

Før sommaren hadde Kunnskapsdepartementet ute ei høyring om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning og i forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning. Denne vart handsama i felles programstyre, [29. mai, sak 30/24 Høyring om opptakskrav og PPU-master](#).

Endringane er no vedtekne og for PPU opnar dette bl.a. opp for eit midlertidig unntak for masterkrav for dei med arbeidserfaring og moglegheiter for institusjonen å opprette ein PPU-master. For den femårige lektorutdanninga blir det gitt opning for fritak frå nivåkrav (matte og norsk) etter søknad frå institusjonane frå opptaket 2025-2026.

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 46/24 Omlegging av vidareutdanning for lærarar – nytt system f.o.m. studieåret 2025-2026**

I brev i frå Kunnskapsdepartementet vert det informert om at det skal implementerast eit nytt, heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for barnehage og skule. Dette kjem som følgje av [NOU 2022:13 Med vidare betyding](#).

Dette inneber bl.a. at KFK-midlar ikkje lengre vil bli fordelt etter anbod, men vil bli overført til UH-institusjonen som øyremerka midlar. Det vil bli lagt opp til mindre endringar i 2025 og full implementering vil gjelde frå og med 2026.

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 47/24 Ekspertgruppe med rapport om overordna styring av lærarutdanningane**

Hovudtanken i [ekspertgruppa sin rapport](#) er ideen om ein felles rammeplan, men med underkapittel knytt til ulike for ulike utdanningar. I rapporten kjem det og framlegg om at nasjonale retningslinjer bør vere meir dynamiske enn rammeplanane og at det i dag er mest umogleg å få oversikt over dei mange og ulike dokumenta som regulerer lærarutdanningane, ut over rammeplan og retningslinjer.

Felles programstyre tek saka til orientering.